

# Målmannen Lars Berg

## – organisasjonsmannen

### EIN MÅLMANN BLIR FØDD

Lars Berg blei fødd i 1901, fem år før Noregs Mållag blei skipa og tre år etter skipinga av mållaget Heimhug ved Tromsø lærarskole – altså midt i ei tid då arbeidet for eit norsk skriftspråk tufta på norske målføre meir og meir kom inn i organiserte former. Målmann blei han tidleg. Det går fram av eit intervju som lærarstudent Gustav Erling Karlsen gjorde med han i 1962. Lars Berg seier her at interessa for det nynorske språket blei vekt i han alt som gut. Det var slik at bror hans, den fem år eldre Frithjof, hadde kjøpt ei lærebok i nynorsk. Denne boka likte ikkje far til Lars Berg, Emil Larsen. Han ville brenne boka, men mora, Olufine Johansen, fekk avverga det. «Eg stal meg til å lese [i boka]», seier Lars Berg til Gustav Karlsen, «[eg] sat under bordet og las og tykte målet var så fint og hadde ein eigen klang». Etter dette hevdar Lars Berg at han skreiv nynorsk. Det var ei røyst inni han som sa at «dette må du skrive på nynorsk», og at det ville ha vore eit brotsverk mot denne røysta om han ikkje gjorde det (Karlsen 1962:158). – Kona til Lars Berg, Aud Berg, fortel ei litt anna historie om korleis interessa for nynorsken oppstod. Boka som Lars Berg stal seg til å lese i, meiner ho var ei song- eller salmebok, men under bordet sat han i alle fall og las i denne boka. Dessutan meiner Aud Berg at det hadde vore ein landsmålsvennleg lærar i krinsen som kunne ha skaffa til veges boka det er tale om<sup>1</sup>.

---

<sup>1</sup> Rannveig Vik Martinsen, søsterdotter til Lars Berg, opplyser at på den tida Lars Berg gjekk på folkeskolen, var skolen organisert som omgangsskole. Barna frå Buvika gjekk på skolen på Greipstad.

## MÅLPOLITISK OVERTYDING

Overtydninga om at nynorsk – eller landsmål som det heitte til 1929 – var språket for Lars Berg, kom altså tidleg, og denne overtydninga ser ut til å ha komme innanfrå, frå kvalitetar som språket sjølv er berar av. Hos den kommande forfattaren har nok kjensla for språkføring og språknynansar vore tidleg utvikla. Likskapen mellom morsmålet hans, hillesøymålet, og nynorsken er openberr, og dette er nok grunnen til at Lars Berg straks kjente at nynorsken hadde ein klangbotn som rørte med noko i han, med hjertespråket hans. Med andre ord kan ein seie at Lars Berg opplevde at identiteten hans, slik han var blitt forma av heimleg språk og kultur, hadde noko til felles med landsmålet. Sambandet mellom identitet og språk er eit tema som i Noreg kom på dagsordenen på 1970-talet. Her til lands var vi tidleg ute jamført med andre land, men alt i 1967, i prologen til landsmøtet i Noregs Mållag i Målselv, ser vi at Lars Berg peiker på dette tilhøvet. «Identiteten» skriv han, «vårt dyraste merke, målet».

Då Lars Berg som 17-åring blei tatt opp som elev ved Solhov folkehøgskole, etter å ha stått som nummer tolv på varamannslista, hadde han alt ei positiv innstilling til landsmålet. Det er all grunn til å tru at haldninga blei styrkt gjennom dette skoleåret. Han seier sjølv at norsklæraren på skolen gav han mykje, og at han viste vegen til litteraturen og vekte den litterære interessa (Karlsen 1962:159). Året etter, hausten 1919 tok han til på lærarskolen i Tromsø og gikk her til 1922. Om perioden 1919-1922 seier Lockertsen (1984: 43-44) at mållaget Heimhug ved lærarskolen i Tromsø «arbeidde aktivt og godt». Det er all grunn til å gå ut frå at Lars Berg tok del i dette arbeidet. I tjuefemårssoaga til mållaget Heimhug seier Brox (1923:19) at

Hausten 1919 kom det ein stor målmannsflokk til lærarskulen. Mange djerve og dugande karar vart med i laget, karar som ikkje var redd å leggja ut til strid når det baud seg eit høve. Ein lyt her nemna trekløveret Martin Strømnes, Gunnar Gabrielsen og Lars Berg, – «fanatikarane», som dei vart kalla.

Mens han gikk på lærarskolen, fekk Lars Berg i 1922 ei stiloppgåve om *Ungdomsrørsla*. Denne rørsla, seier Lars Berg, omfattar kristelige lag, fråhalds-

og arbeidarrørsla forutan den frilynte ungdomsrørsla. Det er ingen tvil om kva for ei som har mest sympati hos stilskrivaren. Han skriv:

Ein heilt annan klangbotn er det i den frilynde ungdomsrørsla. Ho er den som har fått den breidaste plassen hos den norske ungdomen. [...] Ho er bygd over dei nasjonale og kristelege ideane: Før norskdom og kristendom. Jamsides med henne går målrørsla. Ho er skipa med tanken på målreisninga åleine. Målet er å vekkja det norske folket til å tenkja heimleg og nasjonalt, syna det, at det verkeleg treng vera nasjonalt. Elles går desse rørslene saman.

Det er karakteristisk for denne tida, slik Lars Berg peikar på, at målreisninga ofte blei sett som eitt av fleire arbeidsområde som låg inn under den frilynte ungdomsrørsla. Lars Berg kjem i stilen også inn på bakgrunnen for den nasjonale ideologien som var ein del av denne rørsla:

Vi var eit usjølvstendig folk ei tid. Men det vart «atter dag» eingong for folket. I 70 og 80 åra gjekk det eit sterkt politisk og nasjonalt straumdrag over landet. Det galdt fridomen – og det galdt halda fram. Folkehøgskulen og andre ungdomsskular arbeidde trutt og kveikte von og vilje. Mang ein eldhuga, heilnorsk ungdom kom heim og tok fatt med ungdomsarbeid. Lærarane gjorde ikkje mindre. Idegrunnlaget var den nasjonale atterreisningstanken. Vi måtte verta eit sjølvstendig og fritt folk både politisk og nasjonalt. Dette har alltid vore på programmet til den frilynte ungdomsrørsla.

Lars Berg, som gjekk både folkehøgskole og lærarskole, var som vi veit, både eldhuga og kveikt – jamvel før han tok til med skolegangen. Heime i Buvika var han med på å skippe ungdomslaget *Solleia* i 1919, men det var Frithjof Berg, den eldre broren hans, som var leiari av laget til han døydde i 1923. Etterpå tok Lars Berg over leiaryrket. I «lov fyrr u.l. «Solleia» heiter det: «Ungdomslaget «Solleia» i Buvik skal samla ungdom til samvære og samarbeid, på heilnorsk og moralsk grunn». Laget var tilslutta Troms ungdomsfylking, Troms fylkesmållag og Hålogaland historielag. Til å begynne med var ikkje laget eit mållag, men etter kvart blei fleire av medlemmane målvennlege. Ei viktig målpolitisk hending i lagsarbeidet var besøk av ungdomspresten Peder Berg Rollnes den 6. og 7. august 1920. Han heldt mel-

lom anna tale om landsmålet. I møteboka står det «Det var eit sers godt foredrag. Ei mengd bygdefolk var til stades. Ein bonde sa, då han kom ut frå foredraget, riktig ein konservativ bonde: «Var dette landsmål, ja, så er det landsmål vi alle talar» (frå «Manntalsboka til ungdomslaget «Solleia»<sup>2</sup>). Ungdomslaget Solleia hadde eit handskrive blad, *Framhald*, som kom ut frå 1919-1930. Lars Berg skreiv fleire dikt i bladet (Hanssen 1988: 108 f.).

Etter kvart stagnerte arbeidet i ungdomslaget Solleia, og 1926 er det siste året som det blir referert frå i «Manntalsboka», men laget skal visstnok ha vore i drift til 1950 (Bertheussen – Solvang 1988: 423). Lagsfolka var mellom anna usamde om korleis pengane skulle forvaltast – skulle ein til dømes kjøpe inn ein stor kaffikjel og kaffikoppar, eller skulle ein låne utstyr på bygda? Formannen gjekk inn for innkjøp, men opposisjonen ville ikkje ha slik ødsling med pengane og kasta han.

## ORGANISASJONSBYGGING:

### HÅLOGALAND LÆRARMÅLLAG OG NOREGS LÆRARMÅLLAG

1930-åra var tida for skiping av yrkesmållag, og forutan lærarmållag fekk vi til dømes *Noregs Ordførarmållag*, *Ingeniørmållaget*, *Apotekarmållaget*, *Jernbanemållaget*, *Juristmållaget* og fleire (Almenningen m.fl. 1981: 175). Skipinga av *Hålogaland lærarmållag* skjedde i 1932, to år før skipinga av *Noregs lærarmållag*. Det var det første lærarmållaget i landet. Lars Berg var ein sjølvskreven formann til begge laga. Meininga var å skipe lærarmållag parallelt med fylkeskrinsane i Norsk lærarlag, men dette lyktest berre delvis (ibid.).

Men først nokre ord om kva Lars Berg hadde halde på med før lærarmållaga blei skipa.

Frå 1924 hadde Lars Berg vore lærar i heimbygda si, Buvika i Hillesøy herad, og dessutan i nabokrinsen Sommarøya. Den 20.10.1929 blei det halde røystring om skolemålet i Buvika skolekrins med eit klårt fleirtal for nynorsk: Av 29 framømte røysta 25 for nynorsk, tre mot og ei røyst var fråhaldande. I ein merknad til avrøystinga heiter det at det var arbeidd i ti år

2 Både skrivemåtane Soleia og Solleia blir nytta.

for å få til røystinga, (Lockertsen 1984: 244). Det var då gått ti år frå skipinga av Solleia i 1919, og det er truleg dette året som kommentaren viser til. På den siste dagen i året 1929 vedtok så skolestyret å innføre nynorsk i krinsen. Lars Berg hadde altså skaffa seg god røynsle i praktisk skolemålsarbeid, og ti års røynsle som lærar då han den 7. juli 1932 kalla saman lærarar frå dei tre nordnorske fylka til skipingsmøte av Hålogaland lærarmållag i Tromsø.

I formålsparagrafen til Hålogaland lærarmållag beiter det at laget skal arbeide «på breidt grunnlag for å samle lærarar i Hålogaland bispedømme til fagleg arbeid for nynorsken i skulane, frå folkeskulen til den høgare skulen og fagskulane.» Laget skulle også hjelpe og rettleie personar «som vender seg til laget i striden for norsk mål i skulane» (frå Protokoll for Hålogaland lærarmållag, paragraf 1 og 2). Men lagsskiparane sette seg større og djervare mål, for formålsparagrafen seier at laget «er skipa til fagleg arbeid for nynorsken. Laget si oppgåve er å arbeide for at dette målet får ein breidare plass og til sist vert hovudmålet i alle skular i landet frå folkeskulen til universitet».

Det viktigaste arbeidet som Hålogaland lærarmållag fekk gjort, var å krevje to timar nynorsk for veka i bokmålskrinsar. Eit rundskriv blei send til alle skolestyra i dei kommunane i bispedømmet som hadde berre bokmålsopplæring. Skolestyra blei oppmoda om å innføre to timar skriftleg opplæring i nynorsk for veka frå 1933-34. Resultatet var at to timar nynorsk blei innført i 12-13 kommunar i Troms og Nordland, det vil seie om lag 200 skolekrinsar. Lærarmållaget tok også opp spørsmålet om nynorskopplæring i Finnmark med skoledirektøren der, for lærarmållaget hadde fått inn klage på at slik opplæring ikkje blei gjeven i språkblanda område, men styret var klar over at dette var ei vanskeleg sak som trong utgreiing før krav kunne bli sett fram.

For å verve medlemmar til lærarmållaget blei det sendt ut rundt 800 rundskriv til lærarane i bispedømmet, men det var få av dei tilskrivne som svarte. Likevel hadde laget rundt 300 medlemmer (oppllysning i eit telegram til partiet Venstre), og til desse blei det trykt opp og fordelt «Råd og rettleiing for lagslemene i målarbeidet». Her blei det peikt på kva ein lærar hadde

skyldnad og rett til å gjøre for nynorsken i skolen, kva ein krins kunne gjøre for nynorsken utan å spørje skolestyret, kva rett ein minoritet eller einskildforeldre hadde til å få borna opplærte i nynorsk – og kva eit skolestyre kunne gjøre utan å spørje krinsane.

I 1933 vedtok laget å sende eit skriv til Kyrkjedepartementet om at kravet til nynorskstil til artium måtte skjerpast slik at bokmåls- og nynorskstilen begge blei hovudstilar, og at ordninga med såkalla tilleggsstil, altså ei lettare prøve i sidemålet, fall bort. Samstundes bad laget om at det blei innført prøver i sidemålet til mellomskoleeksamen. Kva tid dagens eksamensordning blei innført, har eg ikkje funne opplysningar om, men i 1947 blei det innført ein skrifteleg prøve i både bokmål og nynorsk i mellomskolen (realskolen) (Otnes – Aamotsbakken 1999:266).

Hålogaland lærarmållag var også opptatt av språket i lesebøkene, og sendte telegram til «Lærarskulerådet om lesebokspørsmålet». Lærarskulerådet blei informert om kva styret i Hålogaland lærarmållag meinte: Minst ein tredjepart av sidetalet i leseverka måtte vere på sidemålet, men av praktisk-pedagogiske grunnar burde helst halvparten vere på kvart mål.

På denne tida ser det ut som om Lars Berg har hatt planar om å lage ein nynorsk ABC for nordnorske forhold, for i eit brev frå Regine Normann datert 5.12.1932 avslår ho å vere med på å skrive i ein slik ABC. I det negative svaret på førespurnaden seier ho mellom anna:

For det første kan jeg ikke nynorsk og vil ikke like å bli normalisert av andre enn mig selv, slik jeg gjør det for å få frem den sprogform jeg må ha når jeg skriver eventyr og sagn nordfra. For det andet vet jeg ikke hvad De mener med en a.b.c. for Nordland.

Tonen i brevet verkar lettare irritert, og ho avsluttar brevet med «Målfornene veksler bygdimellem der nord, er virkelig nynorsken den mest gangbare løsningen?»

Tanken om ein nordnorsk ABC har levd vidare, for Troms fylkesmållag bad Lars Berg og Martin Strømnes (vedtak på styremøte 30. mars 1935) om å lage til ei slik ABC-bok, men det blei likevel ikkje noko av dette arbeidet.

Dei to klassekameratane frå lærarskolen, eller «fanatikarane» (jf Brox 1923:op.cit.), hadde nok seinare utvikla svært ulike livssyn, og Martin Strømnes var ein sterk kritikar av debutromanen til Lars Berg i 1934, *Men det var det ingen som visste*. Ei umoralsk bok, meinte Strømnes (Lockertsen 1984:122-123).

Etter at Noregs lærarmållag blei skipa i 1934 med Lars Berg til formann, hører vi ikkje meir til Hålogaland lærarmållag. Lars Berg flytta til Oslo dette året, og lærarmållagsarbeidet i nord stagnerte då, men fleire folk nordfrå kom inn i tillitsverv i Noregs lærarmållag. Tilsynslærer Peder Skånland, Tromsø, overlærer Peter Benum, Tromsø og lærar Toralv Lunde, Tromsø, blei valde til første, andre og tredje vara til landsstyret. Det blei òg sett ned eit arbeidsutval for Nord-Noreg med Lars Berg, Peder Skånland og Peter Benum. Det første arbeidsåret blei i all hovudsak brukt til å bygge opp organisasjonen og til å få lærarane med seg. «Det gjeld om at alle gjer sitt», kommenterer Lars Berg i møteboka for Hålogaland lærarmållag, «Tek kvar og ein sin vesle stein, vert snart vår åker rein». Det organisatoriske arbeidet gjekk seint, for på eit styremøte i Drammen 27. januar 1935 blir det referert ein kommentar frå Sivert Meldal, Drammen, som sat i arbeidsutvalet: Det viktige no var å «få til» Noregs lærarmållag. «Det var ikkje sett ut i livet endå, var ufødt. Korleis skuide vi få det til å leva?» Denne kommentaren kom etter at ei fråsegn frå styret i Noregs lærarmållag var blitt sendt for seint inn til den rettskrivingsnemnda som Stortinget hadde sett ned i mai 1934. (Haugen 1966: 94, møtebok for Noregs lærarmållag). Om innhaldet i fråsegna (som ikkje blir referert i protokollen) sa styremedlemmen Rasmus Huse at «vedtaket vårt [er] som ein brand mill[om] målfolk, eit slag i andletet på mange av dei». Med andre ord må ein gå ut frå at styret i lærarmållaget må ha rådd til radikale endringar i den eksisterande nynorsknormalen. Interesse for utforminga av skriftnormalen var noko som Lars Berg kom til å engasjere seg sterkt i seinare.

Andre saker som lærarmållaget ville gå i gang med, var å sende eit rundskriv med oppmoding om å innføre to timar skriftleg opplæring i nynorsk for veka i bokmålsskolane. På same vis som i Hålogaland lærarmållag to år tidlegare ville ein sende ut skriv til medlemmane for å «få fastslege kva ein

lærer har plikt til å gjere for nynorsken i skulen, rett til, foreldra sin rett og kva skulestyret kan gjere for nynorsken utan å spørre krinsane». Lærarmållaget ville også «få utgreidd spørsmålet um folkemålet som opplæringsmål i dei fyrste tri klassane av folkeskolen over heile landet», og laget ville samle inn opplysningar om skolelova blei følgd når det gjaldt retten barn hadde til å bruke sitt eige talemål i skolen. Dette spørsmålet hadde Noregs Mållag tatt opp alt i 1922 med skoledirektørrådet (Jahr 1984: 388), men problemet var nok like aktuelt i 1934 då Noregs lærarlag tok det opp. *Frå det kjente til det ukjente* var altså eit pedagogisk prinsipp som Lars Berg praktiserte (jf. udatert manuskript).

Møteprotokollen for Noregs lærarmållag, som finst i arkivsakene etter Lars Berg, går fram til 27. januar 1935, og nestformannen, Erling Vindheim, Drammen, blei truleg valt til ny formann dette året (jf. Almenningen 1981: 176). Det organisatoriske arbeidet har nok gått tregt for Vindheim også, for i 1936 klagar han over at arbeidet stod i stampe, og laget sovna inn like før krigen, men fleire regionale lærarmållag hadde blitt skipa (ibid.) No følger ein stille periode for Lars Berg når det gjeld nynorsk og organisasjonsarbeid, men frå 1934 til 1939 har han sin mest produktive periode som forfattar med ein ny roman for året. I denne perioden hadde han ikkje fast arbeid, men brødfødde seg mest av det han skreiv. I ein slik situasjon er det vanskeleg å skulle drive ulønna organisasjonsarbeid.

## MÅLMANNSMØTE I TROMS 31.10.-1.11.1947 OG OPPATTSKIPING AV TROMS FYLKESMÅLLAG

Etter krigen måtte lagsarbeidet byggjast opp på nytt, for organisasjonsarbeidet hadde for det mest lege nede. Lars Berg hadde flytta nordover og tatt opp lærargjeringa i 1940, men som kjent sat han på Grini frå 1942 til krigen slutta.

Sommaren 1947 går Lars Berg i gang med å kalle inn til eit stort møte, eit målting for Troms, i Tromsø. Situasjonen no var at før krigen, etter den nye rettskrivinga i 1938, hadde det vore eit heilt skred av skolekrinsar som gjekk over til nynorsk, og på sitt høgste i 1944 var skolemålsprosenten for

nynorsk i Troms 44,3 % eller 6 610 barn med nynorskopplæring av i alt 14 920 barn (Allmenning – Lien 1978: 58, Heide 1982:291). Men blant folk var det mykje motstand mot nynorsk, og Lars Berg skriv brev til Noregs Mållag 8. juni 1947 og ber om ei løyving på 3000 kr for å kunne halde det han kalla eit fylkesting for Troms. Han skriv: «Som det vyrde mållaget veit, har det i etterkrigstida vore reist ein heil strid mot det norske målet. Ingen stad er denne striden varmare og større enn i Troms. Underskrevne har derfor funne ut at det måtte gjerast noko effektivt for å slå ned illviljen mot det norske målet [...]». På denne tida var bjarkøyværinga og folkehøgskolestyraren Hans Eidnes, stortingsmann for Venstre, leiar i Noregs Mållag, og Lars Berg ville ha Eidnes nordover til møtet. Dette har ikkje latt seg gjøre, men Eidnes, saman med eit samrøystes styre i Noregs Mållag, løyvde 2000 kr til møtet i Tromsø, og 1000 kroner blei løyvd frå Troms ungdomsfylking.

Lars Berg ville kalle saman på breitt grunnlag til møtet med minst ein lærar frå kvar kommune i heile fylket. Også andre skoleinteresserte med eit anna yrke enn læraryrket var velkomne. Han sende ut eit skriv om dette. I arkivsakene etter han finst ei adresseliste på 41 personar, dei fleste lærarar, frå alle kommunane i Troms bortsett frå Malangen, Nordreisa, Kvænangen, Gratangen, Astafjord og Kvæfjord. Brevet opnar slik:

Det er ei kjensgjerning at det har vore sterkare åtak på nynorsken etter krigen enn før. I somme kommunar ser det slik ut, at vi kan vente at alt vi har vunne, blir slege ned. Krins etter krins krev avrøysting for å kaste nynorsken ut. Og det syner seg at avrøystingane gjev eit resultat som ikkje er gledeleg for oss målfolk. Det ser mest ut til at somme nordmenn trur, at det vi har vunne i krigstida er at dei har fått rett til å kaste det norske ut.

Allmenningen og Lien (1978: 59) skriv om at målfolket i Nord-Noreg ikkje såg faresignala som hadde tatt til å vise seg, men dette er ikkje rett. Det var nettopp desse faresignala som gjorde at Lars Berg kalla saman til møte. Etter møtet sende Lars Berg eit optimistisk telegram til Noregs Mållag: «Ting er halde. Framifrå stemning. Fylkesmållaget oppattskipa. Stort arbeid gjort. Nordfronten retta opp om stutt tid og deretter ny framgang. Godt mot.» – og ut frå dette telegrammet dreg altså Allmenningen og Lien slutninga si.

Lars Berg ville halde målinget tidleg på sommaren, før sommarmøta i skolestyra rundt om i fylket, og i innkallinga 8. juni set han møtetdatoen til 22.-24 juli. Svært mange svarar straks at dei ikkje kan komme, før møtedatoen kolliderer med høyonna – dei fleste lærarane hadde også gardsarbeid som skulle skjøttast. Møtedatoen blei derfor utsett til 21.-23. august, og no kjem det inn mange stadfestingar om at folk vil møte fram i Tromsø. Denne møtedatoen må også ha blitt endra, for møtet blei halde først 31. oktober – 1. november 1947.

Det var mange viktige saker oppe til behandling. Viktigast var oppattskipinga av Troms fylkesmållag og «Framlegg til skriftform i nynorsk for Troms fylke», som Lars Berg innleidde om under tittelen «Målformene i skriftleg opplæring». *Nordlys* hadde eit stort oppslag laurdag 1. november 1947 under overskrifta: «Tromsdialektene et godt grunnlag for samnorsken». Avisa refererte Lars Berg om at det nordnorske fiskar- og bondemålet låg ganske opp til nynorsken, og at det derfor var tragisk at nordlendingar gjekk i brodden i kamp mot dette målet. Vanlege folk hadde vanskar med å lære seg bokmål så bra at dei kunne utføre skriftleg arbeid ordentleg, så i årevis hadde det vore slik at ordførarvervet blei skjøtta av enten klokkaren, handelsmannen eller helst presten i bygda. Men eit arkaisk nynorsk var heller ikkje ei løysing på dette problemet, og i overskrifta på oppslaget i *Nordlys* refererer avisa Lars Berg: «De konservative målfolkene har et stort ansvar for motstanden mot nynorsken». Om ein gav nynorsken ei slik form at folk syntest at dei kjente betre igjen talemålet sitt i *bokmålet*, så var ikkje *det* folket si skyld, men nynorsken si skyld. Det var ikkje rett å tvinge folk som sa *bygge* til å bruke forma *byggja*. «Det som var hovedsaken nå, var å finne fram til et språk som falt naturlig for Troms. Det var ikke slik at en skulle rive seg løs fra det øvrige land å bli en egen språkrepublikk. Men innen skolemålet av 1938 kunne en finne fram til et samspråk for Troms som ville falle naturlig for alle kretser» (*Nordlys*, 1.11.1947, s. 1). I den skriftlege opplæringa var dette greitt å gjennomføre, men problemet var at elevane ikkje fekk sjå dette språket i lærebøkene, for her måtte ein bruke læreboknormalen – og slik er det jo den dag i dag. Ein måtte få både lesebok og ABC-bok i den same språkforma som ein skreiv på. Ei så viktig sak måtte nok leggast fram for

Stortinget. Målet måtte vere å få dette gjennomført til skoleåret 1948/49 (ibid.).

Lars Berg viste til usemja som hadde vore blant målfolk om utarbeidinga av 1938-rettskrivinga. Vestlandsmålfolket hadde prøvd å hindre utviklinga av ei friare form for nynorsk. I læreboknormalen av 1938 hadde dei konservative målfolka fått både i pose og sekk (Nordlys, ibid.). Likevel var ikkje desse konservative nøgde med læreboknormalen av 1938, sjølv om Gustav Indrebø, som kan stå som representant for den konservative fløya, ytra at «me hev fenge retta på viktuge ting», dvs. på den opphavlege innstillinga frå rettskrivingskomiteen. Likevel rådde Indrebø nynorskfolk frå å bruke den nye rettskrivinga med mindre ein var nøydd til det (Haugen 1966:118). Gustav Indrebø var på denne tida professor i vestnorsk målføregransking ved Bergens Museum, og varaformann i Noregs Mållag. Han hadde nok dermed stor påverknadskraft på dei som utarbeidde 1938-rettskrivinga. 1917-rettskrivinga for landsmål hadde innført e-infinitiv (kaste, fare) og kløyvd infinitiv (kaste, fara) i tillegg til den opphavlege a-infinitiven i landsmål (kasta, fara) og desse tre infinitivsendingane blei vidareført i 1938-rettskrivinga. Gustav Indrebø hadde vore imot dette, men han «var viljug til å gje tøyg på eitt kjernepunkt der han hadde vore heilt kategorisk før. Etter at Lars Berg frå Nord-Noreg hadde tala varmt for infinitiv på -e, kunne Indrebø tenkje seg å gå med på tre slags ending i infinitiv: -a, kløyvd infinitiv og -e, om det kunne «vera til hjelp for deim der nord, til å få framgang for norsk mål» (Venås 1984: 22, 280).

Måltiinget i Tromsø vedtok også fråsegnen om at norskundervisninga i småskolen skulle vere tufta på talemålet til elevane, og at uansett om barna skulle lære bokmål eller nynorsk til hovudmål, skulle «det i norskundervisninga i småskolen nyttast nynorsk i samsvar med talemålet i landsluten». Det blei også uttalt at i bygder med nynorsk skolemål måtte ikkje prestane nytte riksmål i konfirmasjonsundervisninga (i arkivet finst det utkast til diverse ordlydar på fråsegnene, så det er uvisst kva ordlyd som blei den endelege).

I det oppattskipa Troms fylkesmållag blei rektor Olav Løkse, Finnsnes, valt til leiar. Det blei også vedtatt ei pressenemnd som skulle organisere eit

nynorsk pressekontor, men dette tiltaket kom det truleg ikkje noko ut av. Fylkesmålslaget kom i gjenge att, men arbeidet her kunne ikkje stoppe attendegongen for nynorsken i skolen i Troms, som særleg skaut fart på 1950-talet. Det kan vere mange grunnar til at det gjekk slik, og det vil det føre for langt å gå inn på det her. I eit foredrag (udatert, men seinare enn 1951 fordi det blir referert til «foreldreaksjonen») tar Lars Berg opp problemet med at folk ikkje vil bruke nynorsk, sjølv om det ligg nært opp til det dei snakkar:

At Frogner er redd Vika-målet kan eg forstå. Men at landsbygda er redd sitt eige mål, er ikkje til å forstå. Trur folk på landet verkeleg at dei snakkar bokmål? Snakkar dei det språket som står i «Tromsø»? Må dei svare nei på det, skulle saka vere avgjort.

Men Lars Berg såg sjølvsgatt at folk flest slukte propagandaen som motstandarane av nynorsk og norske dialektar strødde om seg med. Foreldreaksjonen mot samnorsk angreip setningar som «Dokka mi datt i golvet». Dette var pøbelspråk. Men om så er, seier Lars Berg, «Då er vi alle pøblar». Men «[det] verste er at landsfolket går på det».

## EI SAMNORSK LØYSING?

Lars Berg meinte at skriftmålet skulle ta utgangspunkt i talemålet, og hans eige skriftspråk er eit godt døme på det. Han er ikkje redd for å ta i bruk dialektord og -vendingar når han skriv. Framlegget til ei skriftform for nynorsk for Troms fylke frå 1947 tok i bruk såkalla tilnæringsformer (dvs. tilnærming til bokmålet) om desse formene samsvara med talemålet. Dette er grunnen til at Nordlys snakkar om at tromsodialektane var eit godt grunnlag for samnorsken. Det organiserte arbeidet for samnorsk tok først til i 1959 med skipinga av *Landslaget for språkleg samling*, og det kan vere at Lars Berg melde seg inn her. I formålsparagrafen for «Landslaget for språklig samling» heiter det at laget «vil arbeide aktivt for ett skriftspråk i landet og søke å nå fram til dette ved gjensidig tilnærming mellom bokmål og nynorsk» (Språklig samling nr. 1, 1960, s. 1). Språklig samling sette straks

ned ei nemnd som skulle utarbeide eit forslag om ein samlenormal som skulle vere bygd på tilnæringsformene i bokmål og nynorsk. Med i denne nemnda kom Lars Berg (Språklig samling, nr. 2, 1961, s. 1). *Framlegg til ein samlenormal* kom i 1966 (Skauge m.fl. 1966), men denne normalen har ikkje fått noko å seie for norsk språkbruk.

Om ein skal dømme etter dei synspunkta Lars Berg legg fram i eit lesarinnlegg, *Norsk språkutvikling og sidemålsstilen*, trur han at utviklinga vil gå mot eitt språk i landet: «eg trur på at vi om ikkje lang tid får eitt mål i landet, eit vakkert, greitt og godt mål som vi alle kjem til å bli glade i, og då slepp vi stri om nokon sidemålsstil». Innlegget var svar på eit angrep på sidemålsstilen. Det er udatert, men skrivne etter 1938.

Men Lars Berg har nok innsett at arbeidet for *eitt* norsk mål blei for vanskeleg, for seinare, i 1965, kom han med i ein ny nemnd, denne gongen i Noregs Mållag, som skulle utarbeide eit nytt program for målarbeidet.

## MÅLREISING 1967

Målreising 1967 er ei omfattande drøfting av nynorsken og målføra si stilling i samfunnet. Med unntak av ein representant, som kravde i-målet jamstelt med a-målet att, var det ei samrøystes nemnd som la fram tilrådinga om eit målpolitisk program for Noregs Mållag (Allmenningen 1981: 252 f.). Det blei slått fast at tilnæringslinja mot bokmålet ikkje var ein farande veg for nynorsken:

Den programmatisk tilnæringslinja kan ikkje lenger vera ei rettesnor for målreisinga. Den andre parten har dei siste tjue åra synt så lite vilje og evne til å koma nynorsken i møte, at ei snøgg samling av dei to måla ikkje synest mogeleg. Vidare tilnærming i denne situasjonen tyder berre einsidig tilnærming til bokmålet, og skal vi gå monaleg lenger på den vegen enn vi alt har gjort, står målet vårt i fare for å missa det særmerkte som gjer det til eit eige mål. Vi ynskjer ikkje at nynorsken skal bli ein variant av bokmålet. Eventuelle endringar i nynorsken skulle ikkje skje etter påtrykk frå bokmålet, men nynorsken skulle retta seg etter dei norske målføra (Målreising 1967: 168-169).

Dette programmet stod også Lars Berg fast på. Ein av dei som var med i nemnda som utarbeidde Målreising 1967, Anders M. Andersen, amanuensis i nordisk litteratur ved Høgskolen i Stavanger, seier dette om samarbeidet med Lars Berg i nemnda: «Det var ein fest! Godt humør, munter å vere i lag med.» At bokmålsfolket ikkje ville komme nynorskfolket i møte, kommenterte Lars Berg slik: «Vi kan jo fan ikkje springe etter dæm!»

## LARS BERG SIN INNSATS FOR NORSK MÅLREISING

Kva tyding har så Lars Berg hatt for nordnorsk og norsk målreising? Dette er det vanskeleg å svare på. I det organisatoriske arbeidet var han utan tvil ei stor drivkraft som fekk mange med seg. Det kan verke som om han arbeidde intenst i nokre periodar, men sidan han var ein person med svært mange jern i elden, var det ikkje muleg å vere like aktiv heile tida med det organiserte målarbeidet. Den breie kontaktflata hans med mange miljø i heile landet har utan tvil vore svært viktig for det organiserte målarbeidet, både lokalt og nasjonalt. Sjølv om han var ei stor drivkraft og ein inspirator i mållagsarbeidet, så vil nok den største innsatsen hans for nynorsken ligge i forfattargjeringa hans. Bøkene han skreiv, og nesten alt anna som han skreiv, var på nynorsk; eit talemålsnært og levande språk. Han skreiv om tema som fengde, og slik nådde han ut med språket sitt til det breie lag av folket. Eit møte med nynorsken til Lars Berg må ha sett spor i haldningane til folk. Den som les bøker på nynorsk, lærer sjølv sagt noko om språket. Og kunnskapar om og i språket må til om ein skal kunne bryte ned negative språkhaldningar. Det er gjerne blant dei som minst veit at vi finn dei mest negative haldningane til nynorsken. Ein mykje lesen forfattar som Lars Berg har derfor gjort ei stor gjerning for å spreie kunnskapar om det nynorske språket. Lars Berg arbeidde for å få eit skriftspråk som var meir talemålsnært enn det skriftnormalane av 1917 og læreboknormalen av 1938 (og 1959) gav høve til. Ein kan undre seg over om lagnaden for nynorsken i Nord-Noreg hadde sett annleis ut om folk hadde fått møte ei målform i skolen som var slik Lars Berg ønskte ho.

## LITTERATUR

- Allmenningen, Olav – Lien, Åsmund 1978: *Striden for nynorsk bruksmål*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Almenningen, Olav m.fl. 1981: Målreising i 75 år. Noregs Mållag 1906-1981. Oslo: Fonna Forlag.
- Arntzen, Jon Gunnar (red.) 1999: *Norsk biografisk leksikon*. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Berg, Lars 1922: Ungdomsrørsla. Stil skrive på Tromsø lærarskole. Privatarxiv nr. 4: Lars Berg, Universitetsbiblioteket i Tromsø, arkivboks 49.
- Berg, Lars 1967: Prolog til årsmøtet i Noregs Mållag, Målsetv. Privatarxiv nr. 4: Lars Berg, Universitetsbiblioteket i Tromsø, arkivboks 46.
- Berthussen, Carl – Solvang, Jens 1988: *Kulturbilder fra gamle Hillesøy*. Bind 1. Bygdehistoria. Finnsnes: Utgitt av Lenvik og Tromsø kommuner.
- Brox, Artur 1923: *Mållaget Heimbug 1898 – 17. april – 1923*. Festskrift. Troms: «Nordlys» prenteverk.
- Framlegg til skriftform i nynorsk for Troms fylke. Tromsø. Nordlys trykkeri. Statsarkivet i Tromsø. Privatarxiv nr. 4: Lars Berg, Universitetsbiblioteket i Tromsø, arkivboks 34, legg 3.
- Hanssen, Arvid 1988: Troms ungdomsfylking. Litt om arbeid, lagsfolk og ledere 1905-1980. Tromsø: Troms ungdomsfylking.
- Haugen, Einar 1966: *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. Universitetsforlaget.
- Heide, Magne 1982: Målarbeid i Nord-Noreg 1945-1980. Bull, Tove – Jetne, Kjellaug (red.): *Nordnorsk. Språkarv og språkforhold i Nord-Noreg*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Jahr, Ernst Håkon 1984: *Talemålet i skolen. En studie av drøftinger og bestemmelser om muntlig språkbruk i folkeskolen (fra 1874 til 1925)*. Oslo: Novus forlag.
- Karlsen, Gustav E. 1962: *Hillesøy kommune på fallrepet*. Tromsø off. Lærerskole. Upublisert skoleoppgåve.
- Lockertsen, Roger 1984: *Målreising i Nord-Noreg 1898-1940. Organisering av målstriden og striden for skolemålet*. Nordisk hovudfag. Historisk filo-

- sofisk embetseksamen. Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø. Upublisert hovudoppgåve.
- Manntalsboka til ungdomslaget «Soleia». I privat eige.
- Møtebok for Noregs lærarmållag (kopi).
- Måltreising 1967*. Eit dabattopplegg. Tilråding frå ei målpolitisk programnemnd i Noregs Mållag. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Nordlys*, 1. november 1947: «Tromsdialektene et godt grunnlag for samnorsken».
- Otnes, Hildegunn – Aamotsbakken, Bente 1999: Tekst i tid og rom. Norsk språkhistorie. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Protokoll for Hålogaland lærarmållag. Statsarkivet i Tromsø. Privatarkiv nr. 4: Lars Berg, Universitetsbiblioteket i Tromsø, arkivboks 40.
- Registreringssentralen for historiske data, Universitetet i Tromsø:  
[http://draug.rhd.isv.uit.no/ftsoek/ftsoek.asp?kommando=bosted&ftaar=1900&spraak=norsk\\_bokmaal&kommnr=1930&kretsnr=001&bostnr=0024&leilnr=00](http://draug.rhd.isv.uit.no/ftsoek/ftsoek.asp?kommando=bosted&ftaar=1900&spraak=norsk_bokmaal&kommnr=1930&kretsnr=001&bostnr=0024&leilnr=00)
- Skauge, Jakob – Aksnes, Magne – Vikør, Lars S. 1966: *Framlegg til samlenormal. Språklig samlings småskrifter*, 1.
- Språklig samling*, nr. 1. 1960.
- Språklig samling*, nr. 1, 1961.
- Venås, Kjell 1984: *For Noreg og Ivar Aasen. Gustav Indrebø i arbeid og strid*. Oslo: Novus forlag.
- Ymse dokument i Privatarkiv nr. 4: Lars Berg, Universitetsbiblioteket i Tromsø.

## MUNNLEGE KJELDER

- Telefonsamtale med Anders M. Andersen, Amanuensis i nordisk litteratur ved Høgskolen i Stavanger.
- Telefonsamtale med ektefellen til Lars Berg, Aud Berg.
- Telefonsamtale med søsterdotter til Lars Berg, Rannveig Vik Martinsen.